

Reguleringsplan for Heggli i Skjåk, Planid. 34330004.

Supplering av ROS-analyse ved planrevisjon 2025 (kap.3.4 – skjema)

NR 3: UØNSKA HENDING: JORD- OG FLAUMSKRED					
<p>Aktsemdskart frå NVE viser fare for skred i planområdet. På bakgrunn av dette vart Sunnfjord Geo Center engasjert for å skredfarekartlegging i planområdet i 2020. Kartlegginga, med rapport datert 23.09.2020, viser faresoner for jord- og flaumskred i planområdet. Sunnfjord Geo Center vart engasjert av grunneigarane i planområdet på nytt i 2024 for å utarbeide ei oppdatert skredfarekartlegging, der verknaden av vern av skog utanfor planområdet ikkje skulle telje med. Den oppdaterte farekartlegginga ligg føre ved rapporten "Skredfarevurdering ved gbnr. 133/1-2 mfl. ved Heggjebotn, Skjåk kommune", datert 31.10.2024. Skredfaresonene her har fått ei større utbreiing enn i den opphavlege rapporten frå 2020. Den oppdaterte rapporten viser utbreiing av skredfaresone som har større årleg sannsyn enn 1/1000, men omfattar ikkje kartlegging av faresoner for skred med nominell fare 1/5000 som i den opphavlege rapporten frå 2020. Det siste er grunngeve med at grunneigarane ikkje har planar om byggetiltak i tryggleiksklasse S3 ((jf. byggtknisk forskrift § 7-3).</p>					
OM NATURPÅKJENNINGAR (TEK)	SIKRINGSSKLASSE FLAUM	FORKLARING			
Ja	S2	Byggetiltak i reguleringsplanen er i denne sikringsklassa.			
ÅRSAKAR					
Faresonekart utarbeidd av Sunnfjord Geo Center (2024 viser at planområdet kan bli råka av jord- og flaumskred.					
EKSISTERANDE BARRIERAR					
Eksisterande vegetasjon (skog) vil dels motverke skred, men føreligg ingen garanti for at skog ikkje blir hogd. Oppdatert skredfarekartlegging frå 2024, er utført utan at evt. verknadar av ståande skog utafor planområdet er med.					
TRYGGLEIKSVURDERING					
<p>Det ligg tre eksisterande hytter nedst i faresonene for skred på reguleringsplankartet. Desse hyttetomtene er regulert med kombinert formål: fritidsbusetnad – frittliggande og fritids- og turistformål. Det vil etter planrevisjonen vere generelt forbod mot nye byggetiltak for i faresonene.</p>					
SANNSYN	HØG	MIDDELS	LÅG	FORKLARING	
		X		Faresoner for skred med nominell årleg sannsyn 1/1000 når inn i planområdet.	
KONSEKVENSVURDERING					
	KONSEKVENSKATEGORIAR				
KONSEKVENSTYPAR	HØG	MIDDELS	SMÅ	IKKJE RELEVANT	FORKLARING
Liv og helse			X		Faresonekartet viser at jord- og flaumskred kan råke eksisterande hyttebyggnad. Det er lite sannsyn for personskade, men det kan skje.
Stabilitet				X	Vil ikkje truge stabilitet.
Materielle verdiar		X			Faresonekartet viser at jord- og flaumskred kan råke 3 eksisterande hytter. Skadeomfang kan overstige 10 millionar kr. Planen føreset at det ikkje vil vere lovleg med nye bygg i faresoner for skred.
<p>Faresonekartet viser at jord- og flaumskred kan råke dei 3 eksisterande hyttene. Det vil etter planrevisjonen vere forbod mot nye byggetiltak for desse. Byggtknisk forskrift kap. 7.3 kan likevel gi ei lita opning frå det generelle byggeforbodet for eksisterande byggnad innafor faresona. Av forskrifta går det fram at det for eksisterande bygning, på visse vilkår, kan bli opna for tilbygg, påbygg og underbygg med inntil 50 m² i byggets levetid.</p>					

USIKKERHEIT	GRUNNGJEVING
Liten	Faresonekart for skred når inn i planområdet.
FORSLAG TIL TILTAK OG MOGELEG OPPFØLGING I AREALPLANLEGGINGA OG ANNA	
Tiltak	Oppfølging gjennom planverktøy
<p>Forbod mot å føre opp bygningar innafor faresoner for skred som er avlagt på plankartet.</p> <p>Regelverk for hogst og skogskjøtsel i planområdet.</p> <p>Eventuelt sikre dei 3 eksisterande hyttene som ligg i faresone for skred med å bygge skredvoller eller gjennomføre andre tryggingstiltak.</p>	<p>Det er lagt inn faresone H310_1 i plankartet som omfattar faresone for skred innafor planområdet (faresone i forhold til tryggleiksklasse S2 - jf. byggt teknisk forskrift § 7-3).</p> <p>I planføresegnene pkt. 4.4 er det nedfelt at det ikkje er tillate med bygge- og anleggstiltak i faresona.</p> <p>I planføresegnene pkt. 2.8 er det nedfelt at det ikkje er tillate med bygge- og anleggstiltak i tryggingssklasse S3 i heile planområdet (jf. byggt teknisk forskrift § 7-3).</p> <p>På plankartet er det i planområdet teikna inn eit føresegnssområde #1 knytt til hogst og skogskjøtsel for å avgrense skadar av skred. I planføresegnene pkt. 4.5 er det teke inn regler knytt til føresegnssområde #1.</p> <p>Det er ikkje planlagt sikringstiltak for å sikre dei 3 eksisterande hyttene som ligg i faresone for skred. Dette er hytter som har stått der lenge. For den eine hytta er det oppgjeve at den er teke i bruk i 1970. For dei to andre hyttene er det ikkje oppgjeve nokon teke i bruk dato, men begge hyttene er på flyfoto frå 1981. Det vil truleg bli for dyrt å sikre hyttene med skredvoll ut frå ei kost- nytte vurdering. Slik sikring må i fall skje på privat basis og på grunnlag av planlegging og prosjektering av sikringstiltak.</p>